



Bakkengard-Bognøy v/ Olav Andre Soltveit  
Nordre Steinestø 7  
5108 HORDVIK

Referanser:

Dykkar:

Vår: 17/1505 - 17/22819

Saksbehandlar:

Marius Flemmen Knudsen

marius.knudsen@meland.kommune.no

Dato:

15.11.2017

## Løyvingsbrev Gbnr. 51/ 1, 5 og 9 Landsvik SMIL 2017 - tilskot til rydding av beite

**Administrativt vedtak. Saknr: 300/2017**

### Saksutgreiing:

Vi syner til søknad datert 05.06.2017.

Meland kommune vart for 2017 løyvd kr 250.000 i SMIL-midlar frå Fylkesmannen i Hordaland. Utval for drift og utvikling vedtok i møte 19.04.2016 ein ny SMIL-strategi for 2016-2019 med prioriteringar og satsar for kostnader. Søknadsfrist var 01.06.2017 og 10.11.2017. Då søknadsfristen gjekk ut hadde Meland kommune motteke 13 søknader, m.a. frå Bakkengard-Bognøy v/ Olav Andre Soltveit for Gnr. 51. bnr. 1, 5 og 9.

Olav Andre Soltveit har søkt om tilskott til: rydding av beite.

Tiltaket ligg i LNF-området i arealplanen og kommunen har ikkje registrert viktige miljøverdiar på arealet, men nært tiltaka.

Vedlegg til søknaden som er levert:

- Kart over tiltaket
- Kopi av leigeavtale

Bruka har eit jordbruksareal på 185,4 daa, 544,7 daa skog og 817,3 daa anna areal. Driftsforma på bruket er sau- og storfekald.

Av SMIL-strategien går det fram at kommunen vil prioritere bygningar/byggverk, bygningsmiljø og landskap som er representative og særmerkt for vårt område, og bygningar som kan skape næringsaktivitet.

Kommunen meiner det er viktig å sjå dei ulike tenesteområda i samanheng og byggje vidare på tiltak som

---

#### Postadresse

postmottak@meland.kommune.no

Postboks 79, 5906 Frekhaug

Besøksadr: Havnevegen 41 A

5918 Frekhaug

#### Kontakt

www.meland.kommune.no

Telefon +47 56 17 10 00

Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722

Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: [www.nordhordlandskart.no](http://www.nordhordlandskart.no)

allereie er i gong, t.d. beiteprosjekt, gamle turvegar m.m. Nyetablerte kan prioriterast. Det vert sett krav om at før utbetaling kan skje til nyetablerte, må det vere beitedyr på garden.

Overordna prioriteringar:

1. Framleis satsing på biologisk mangfald, stell og rydding av beitemark med særleg vekt på truga landskapstypar som kystlyng og strandeng. Denne særlege satsinga skal ikkje fortrenge søknadar som gjeld vanleg beitemark, men er det knappe midlar skal ein prioritere kystlynghei og strandeng dersom det kjem slike søknadar.
2. Tiltak hjå nyetablerte bønder dei 5 første åra etter overtaking
3. Tiltak knytt til å sette i stand bygningsmasse med tanke på ny aktivitet under gamle tak eller tradisjonell bruk og tiltak knytt til tørrmura element og heilskapleg kulturmiljø
4. Gjennomføring av fellestiltak knytt til kartlegging av avrenning frå landbruksareala til vatn og vassdrag.

Forskrift om tilskot til spesielle miljøtiltak i jordbruket ble i 2017 revidert. Det ble i ettertid utarbeidd eit nytt rundskriv til den reviderte forskrifta. Søknadene vert sett i samanheng med det Regionale miljøprogrammet for Hordaland (RMP).

#### Vurdering:

Prioritering totalt sett: 4 og 5

Søkker driv med sau og har nyleg starta opp med storfe. Areala innmark med ulike preg/stadiet av gjengroing. Areala er ein del av eit større samanhengande kulturlandskap med ulike innslag. Søkker driv fleire bruk i bygda og har tidlegare fått tilskot til inngjerding på delar av dei areala som det er søkt om beiterydding på. Administrasjonen meiner det er eit viktig tiltak å sikra at areala ikkje gror att og at ein oppretthald dei verdiane som kulturlandskapet har. Administrasjonen meiner at tiltaka er i tråd med føremålet til SMIL-ordninga.

Kostnadsoverslaget vert slik:

Tiltak	Mengde	Einingskostnad	Kostnad kr	Tilskots %	Tilskot kr
Gjerding synt på kart					
Beiterydding, daa	19,6	2000	39200		
<b>Sum</b>			<b>39200</b>	<b>50</b>	<b>19600</b>

Søknaden er vurdert i høve til naturmangfaldlovas §§ 8-12 og basert på artskart, naturbase og den kunnskap som administrasjonen har om viktige miljøverdier på Landsvik. Det er ikkje registrert spesielle naturverdier på areala som er omsøkt rydda, men det er registreringar i nærleiken jf. § 8. Det er registrert oter (VU) og fleire fugleartar som har status som artar av stor eller særlig stor forvaltningsinteresse. Det er registrert bjørkefink, dvergspett, stær og gulspurv. Det er også registrert ein naturtype hagemark i nærleiken. Administrasjonen meiner at ingen av dei nærliggande naturverdiane vert påverka, då dei ikkje

ligg direkte knytt til areala som skal ryddast. Oter registreringa er ikkje på innmark, og deira leveområde er knytt til vann. Fugleartane som er registrert er knytt til kulturlandskapet eller i randsone mot kulturlandskapet. Ryddinga vil ikkje medføre endring i bruk av areal og bruken av arealet vil vere beiting jf. § 10. Administrasjonen har vurdert det slik at tiltaket ikkje er i konflikt med dei omsyn som lova skal ta vare på (jf. §§ 8-12).

## Vedtak

"Meland kommune løyver Bakkengard-Bognøy v/ Olav Andre Soltveit 19 600 kr i tilskot til beiterydding på Gnr. 51 bnr. 1, 5 og 9. Løyvinga er eit eingongstilskot. Vedtaket har heimel i §§ 5 og 8 i Forskrift om spesielle miljøtiltak i jordbruket.

Løyvinga vert gitt på følgjande vilkår:

Generelle vilkår:

- Frist for gjennomføringa av tiltaka er sett til inntil tre år frå løyving: 01.12.2020.
- Det kan søkjast om utsetjing av arbeidsfrist i inntil to år ut frå skriftleg grunngjeving, seinast ein måned før oppsett frist går ut.
- Søkjar har forplikta seg i høve til ein rekkje punkt ved underskrift av søknadsskjema, jf. punkt 5 i søknadsskjema.
- Løyving av tilskot inneber ikkje at tiltaket er godkjend i høve til anna regelverk. Det er difor viktig at søkjar før gjennomføring av tiltak gjer seg kjend med aktuelle lover og forskrifter.

Særskilde vilkår – beite:

Omsøkt areal bør nyttast til beite/slått i inntil 10 år etter at tiltaket er gjennomført. Kommunen minner om at det på gamal kulturmark ikkje bør oppgjødsplast eller nyttast fullgjødsel. Dette er viktig for å ta vare på breidda av det stadeigne artsmangfaldet. Ved gjerding skal gjerdet ha ein 4 mm overstreng og bendsel mellom kvar stolpe, det vert i tillegg sett krav om at det er understreng ved hald av småfe, og tilrådd ved hald av andre beitedyr, for å sikre god stabilitet og lengre levetid.

Regional kulturminneforvaltning:

Kulturminne og kulturmiljø som er freda etter Kulturminnelova, skal handsamst særskild. Regional kulturminneforvaltning må kontaktast ved t.d. istandsetting av freda bygning eller skjøtsel kring ein automatisk freda gravhaug, dersom dette går ut over tradisjonell bruk av området til slått eller beiting.

Utbetaling av tilskot og utsetjing av arbeidsfrist:

- Tilskot vert utbetalt når tiltaket er gjennomført i tråd med løyvinga.
- Søknad om delutbetaling av inntil 75 % av løyvd tilskot når tilsvarande mengd arbeid er utført.
- Resterande del på 25 % vert utbetalt når tiltaket er fullført og sluttrekneskap er godkjend av kommunen.
- I søknad om sluttutbetaling skal det leggjast ved rekneskap med timelister, faktura og foto. Meland kommune har utarbeidd skjema til dette.
- Til utbetaling vil konto som oppgjeve på søknaden verte nytta. Søkjar plikter å informere skriftleg om endringar.
- Søknad om utsetjing av arbeidsfrist skal rettast til kommunen. Det er viktig at ein søker om utsetjing i god tid før fristen går ut, minimum ein måned før.

Kontroll:

Kommunen kan kontrollere at arbeid er gjort som omsøkt, jf § 9. Sakshandsamar hos Fylkesmannen kan også synfare tiltak. Statens Landbruksforvaltning eller Riksrevisjonen kan krevje naudsynte opplysningar og

kontrollere at bruken av tilskotsmidlane er i tråd med føresetnadane.

**Omgjering av vedtak:**

Kommunen kan omgjere vedtak om løyvd tilskot dersom det oppstår tilhøve som er i strid med føresetnadane for løyvinga eller tilskotsordninga, jf. § 10. Kommunen minner om at løyvd tilskot kan trekkjast attende, heilt eller delvis, dersom det oppstår tilhøve som er i strid med føresetnadane for ordninga.”

**Mynde**

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

**Klage**

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentlig forvaltning (fvl.). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Med helsing

Anny Bastesen  
sektorsjef teknisk

Marius Flemmen Knudsen  
skog- og miljøkonsulent

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Vedlegg:**

SMIL søknad signert gbnr. 51-1, 5 og 9

**Kopi til:**

Fylkesmannen i Hordaland

Postboks 7310

5020

BERGEN

**Mottakere:**

Bakkengard-Bognøy v/ Olav Andre Nordre Steinestø 7 5108  
Soltveit

HORDVIK